

Ål, 13.01.11.

Informasjon til hyttefolket vinteren 2011

Her kjem litt informasjon som me håpar er til nytte, sjå nedanfor og i vedlegga.

Treff for hyttefolk i Ål - tysdag 1. mars

Som i fjor ber me saman med kommunen inn til treff for hyttefolk i Ål. Dagen er tysdag 1. mars kl. 18.00 – ca 20.00. Sjå invitasjon m/ program vedlagt. Me håpar det passar for mange av dykk å delta !

Ål sitt aktivitetsprogram for vinteren

Me har samla informasjon om alt av arrangement og aktivitetar i Ål frå no midt i januar og til påske i ein eigen flyer, sjå den vedlagt. Den blir og å finne i papirversjon hjå butikkar overnattingsstader og turistinfo. m.m.



Ål sine web-kamera

Her i Ål er det no fem web-kamera på plass, og det gjer det lett for folk å følge med på korleis vær og føre er akkurat no. Det er web-kamera på Liatoppen, Ål Skisenter, Bergsjø, Bergsjøstølen og Ål sentrum. Du finn dei alle her på www.al.no

Skøytebane på Bergsjø

Ei nyheit denne vinteren er skøytebane på Bergsjøen. Passar for både born og vaksne og er eit artig supplement til ski. Banen kan du sjå på Bergsjøstølen sin nettside [her](#). Det er og ein skøytebane ved Ål Ungdomsskule.



Me ynskjer alle fine vinterdagar på hytta i Ål no framover ! Endeleg har me mykje snø som sikrar gode forhold både i langrennssporet og i skibakkane.

Med helsing
Ål Utvikling AS

Kari Grete Kleivstøl

